

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet

Møtenummer: 3/2025
Dato: 11.11.2025
Tid: 10.00-11.00
Stad: Ombo oppvekstsenter, konferanserom

Til stades:

Else Christine Rodvelt (1.-4. trinn), Erlend Nes (5.-7.trinn), Regine Hidle Ådland (barnehage), elevråd, Magnhild Skartveit Olsen (skule) og Tove (barnehage) og Mary-Janne Rørheim (andre tilsette)

Saksliste

Sak 1-25/26: Konstituering av SU

Leder: Else Christine Rodvelt

Nestleder: Regine Hidle Ådland

Sekretær: Ruben Fjell

Andre roller er beskrive over.

Sak 2-25/26: Arrangement før jul (evaluering og plan)

25-årsjubileet: Arrangementet blei opplevd som fint, særleg med tanke på budsjettframlegg og medieomtale som var aktuelt. Lite tilbakemelding frå føresette, men elevane syntes det var kjekt.

Solidaritetsaksjonen: Gjennomført på dagtid, noko som gjorde det meir inkluderande for elevane (frå eit skule-perspektiv). Nokre foreldre ønskte kveldstid pga jobb og atmosfære. Innspel: variere vekedag, informere tidleg om dato og innhald. Elevane likte

ansvar og bongar. Lars sitt innslag var populært. Gratisprinsippet ivaretatt. Resultat: 22 060 kr + gåve på 30 000 kr. FAU ønskjer betre frist for kakebestilling.

Vidare arrangement: FAU har tidlegare kokt graut same dag som skulegudsteneste (18. des). Diskusjon om å kombinere med nissefest og inkludere barnehageborn. Forslag om nisse som deler ut mandarin før kvilen – stor semje. Ruben tek med innspel til PUT og barnehagen.

Sak 3-25/26: Oppfølging av sakar frå skuleåret 24/25

- Frå tidlegare referat: foreldremøte for bhg vart forlenga frå 30 til 45 min.
 - Det opplevdes betre i år at det var 45 min, kontra 30 min.
- SU-møte på dagtid, er det ok?
 - Det er ok at det er på dagtid om ein kan planlegge fram i tid. Kan med fordel avtale dato for neste møte i kvart møte. Det kan være betre med 9:00 enn 10:00.

Sak 4-25/26: Sakar frå elevrådet

- Elevrådet ynskjer fleire overnattingsturar i mellomtrinnet.
 - Noko for klasserepresentant for mellomtrinnet? Regine tar det opp i FAU.
- Ønskjer micro, fleire kjeglar i gymsalen, og å male veggen på borgen.
 - Ruben sjekkar med kommunen og ser på utstyr.

Elevrådet forlét møtet

Sak 5-25/26: Informasjon og samtale kring personell i barnehagen

- Ruben informerte om situasjonen i barnehagane i oppvekstsenteret, der det for tida er utfordringar med personale. For å sikre kvalitet og kontinuitet på tvers av barnehagane, har ein valt ei mellombels omdisponering av personalet.
- Tove vil i perioden 17. november til 30. januar bidra på Fogn, men vil framleis ha tilknytning til Ombo og vere til stades kvar fredag. Ho har ein nøkkelrolle i barnehagen, og det er viktig å understreke at dette er ei mellombels løysing for å hjelpe heile organisasjonen.
- Tone Martha går inn i vaktplanen og tek ansvar for dei største barna, i tett samarbeid med Rita dei dagane ho er til stades. Det pedagogiske opplegget for dei største barna vil halde fram som før, og Tove og Tone Martha har samarbeidd godt tidlegare.
- Foreldra uttrykte bekymring for at endringa kom brått på, og at det kan påverke stabiliteten i kvardagen, særleg med tanke på dei yngste barna. Nokre peika på at Tove er den einaste som har vore 100 % til stades, og frykta at dette kan gå ut

over tryggleik og struktur. Det vart også stilt spørsmål om ordninga kan bli permanent.

- Ruben presiserte at dette er ei tidsavgrensa løysing, og at det ikkje er planlagt som ei permanent endring. Han understreka at me har god tilgang til vikarar på Ombo og vil følgje situasjonen tett for å sikre at barna får god omsorg og kjende vaksne rundt seg. Det vil bli merka i barnehagen at Tove ikkje er til stades i same omfang, men ein ser på dette som nødvendig for å sikre eit jamnare tilbod i alle barnehagane.
- Status blir teke på neste SU-møte.

Sak 6-25/26: Informasjon om økonomi og personell i skulen

- Ruben informerte om kutta som er varsla i skulen, og at det vil bli ein gjennomgang av behov for personale i alle skulane i kommunen.
- Foreldre uttrykte at ein saknar forutsigbarhet kring skule/bhg. Det er utfordrande å få folk til å flytte hit om det er sannsynleg at skulen kan bli nedlagt i neste periode.

Sak 7-25/26: Ymse

- a. **FAU:** Ønskjer beskjed i god tid ved behov for kaker eller liknande til arrangement.
- b. **Evaluering av foreldremøtet:** Nokre foreldre opplevde lite rom for spørsmål, særleg i barnehagedelen. Forslag om å invitere til å melde inn spørsmål på førehand for å sikre betre dialog.
- c. **Oppgradering av bygget:** Det ligg forslag om 15 mill til utbedring av skulen, inkludert brannsikkerheit. Dette skal behandlast politisk i desember. SU ønskjer meir konkret informasjon om kva som er planlagt, og vil sjå på mogleg omdisponering av areal mellom skule og barnehage når vedtaket er klart.
- d. **Ønske om tre-vekers ferie i barnehagen:** Nokre føresette ønskjer tre samanhengande veker ferie for å lette logistikk i sommarferien, anten dei tre første eller tre siste vekene i juli. Det kom også innspel om å vurdere overgang juli–august for betre samsvar med skuleferien. SU veit ikkje om dette gjeld mange, så Regine kartlegg behovet og kjem med tilbakemelding. Ruben tek saka vidare til leiarteamet for å avklare prosess dersom det blir aktuelt.

Neste møte: torsdag 4.12.2025, kl 9-10:30

Med venleg helsing

Ruben Fjell

Avdelingsleiar barnehage, skule og SFO
Ombo oppvekstsenter